

ÅRSMELDING FOR 2019 FOR NORDHERADSPROSJEKTET

Av tiltak og arrangement i regi av Nordheradsprosjektet det siste året kan nemnast:

- Gjort ferdig fjøset på Flåten.
- Rydda og stelt rundt husa på Flåten.
- Prøvd ut NoFence på geiter.
- Rydda på Dippersanden.
- Søkt og fått gjennom byggjesøknad for gapahuk på Dippersanden.
- Skifta ut bilde og tavle på Klevahaugen.
- Gjort ferdig bakstrommet på Midtli og kjøp inn utstyr til det.
- Bakstrommet er også rydda og vaska.
- Gjort klart til å oppgradere Ulvestigen i tråd med tilrådingar frå Kulturminneprosjekt, blant anna kjøpt inn ein kulvert som skal brukast som "undergang for beitedyr" ved Ulvegrava.
- Jubileumsarrangement over to dagar på Flåten med
 - Musikkinnslag
 - Forteljing om historia på Flåten
 - Helsingar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen.
 - Orientering om plaggsaum
 - Servering
 - Guida tur med orienterting og omvising i Grevrusten.

Mange set pris på det godt utbygde stigsystemet og bruker det mykje. Det gjeld også mange utanom grenda,

Utvald kulturlandskap (UKL)

Det har dei siste par åra kome til fleire nye område i denne ordninga. Pr i dag er det i alt 46 utvalde kulturlandskap. For nokre veker sidan vart også Granavollen/Tingelstadhøgda/Røykenvika i Gran med i ordninga. Dette området var med i diskusjonen frå starten, men grunneigarane ville da ikkje vera med. Innlandet fylke har nå seks utvalde område. I tillegg dei tre frå Oppland, er Vangrøftdalen/Kjurrudalen i Os (som var med frå starten), Helgøya i Nes og seks mindre område i Finnskogen i Våler, Åsnes og Kongsvinger. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, som samarbeider om UKL, og aukar derfor også løyvingane til ordninga.

Frå 1. januar i år overtok kommunen tilskotsforvaltninga for utvald kulturlandskap. Det er nå Landbrukskontoret som vi skal vende oss til for søknader, skjøtelsplanar og behandling av dei. Fylkesmannen skal nå berre fordele midlane til dei utvalde område og behandle eventuelle klagesaker.

Tiltak og tilskotssatsar blir i store trekk vidareført som i fjor, men vi må heretter søkje om tilskot til skjøtelsiltak kvart år, også for dei areala som vi har skjøtelsavtalar for. Det kjem meir informasjon om dette framover.

Styret for Nordheradsprosjektet har som kjent det lokale «ansvaret» for Utvald kulturlandskap, og Nordheradsprosjektet er med i styringsgruppa for Utvald Kulturlandskap.

Møt fram på årsmøtet for å få meir informasjon og for å vere med på å utvikle grenda vår vidare!

Planar for 2020:

- Oppgradere Ulvestigen i tråd med tilrådingar frå Kulturminneprosjekt
- Rydde og stelle på Tjønnflaten.
- Setja opp gapahuk på friluftsområdet på Dippersanden
- Følgje opp nye skjøtelsplanar.
- Bakstkurs
- Slåttekurs
- Vedlikehald av stigar og skilt.

Styret for Nordheradsprosjektet det siste året:

Einar Hårstad, leiar

Knut Raastad, kasserar

Ola Kvarberg, styremedlem

Morten Visdal, styremedlem

Åge Barlund, styremedlem

Live Hosar, styremedlem

1.vara: Helene Hovden

2.vara: Kjerstin Kaurstad

3.vara: Bjarne Visdal

Revisor: Per Stabell og Joar Visdal

Valnemnd: Ola Kaurstad, Per Sveahaugen og Audun Heier

Styret